



Norconsult AS  
Postboks 626  
1303 SANDVIKA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1791 - 19/20077

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
25.09.2019

## Godkjenning - GBNR 30/1 - Løyve til plassering av VA-leidning - Hestdal

**Administrativt vedtak. Saknr: 219/2019**

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søkjar:**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Det er søkt om løyve til plassering av VA-leidning langs KV1133 som er under opparbeiding, på gbnr. 30/1.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første ledd, då det vert plassert i direkte tilknytning til opparbeiding av KV1133. Administrasjonen finn difor ikkje grunnlag for å krevje nabovarsling av tiltaket særskilt, jf. pbl § 21-3 andre ledd.

### VURDERING:

#### Lov- og plangrunnlag:

Plassering av tiltaket er omfatta av Reguleringsplan for KV1133 Myrvollane til Hestdal, planID: 125620180003. Føremålet med planen er å legge til rette for oppføring av vassbehandlingsanlegg og tilhøyrande infrastruktur.

Planføresegn 1.7 legg til grunn at det kan tillast plassering av kablar, leidningsnett og VA-anlegg i grunnen innanfor heile planområdet.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Det omsøkte tiltaket er dermed i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Plassering:

Tiltaket skal plasserast langs med KV1133, og i samsvar med reguleringsplanen. Plassering kan dermed godkjennast, jf. pbl § 29-4 første ledd.

Terrenghandsaming:

Meland kommune føreset at reguleringsplanen sine krav til handsaming av terrenget rundt tiltaka vert fylgt opp.

Vurdering etter naturmangfaldslova:

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Vestland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Ansvar:

Ansvarleg søker, Norconsult AS (org.nr. 962 392 687), har i søknad bekrefta at heile tiltaket vil bli belagt med ansvar, slik at alle krav etter plan- og bygningslova blir fylgt. Kommunen legg dette til grunn, jf. pbl § 23-4.

**VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav a), løyve til plassering av VA-leidning langs KV1133, i samsvar med søknad med vedlegg, journalført motteke 5.9.2019.*

*Plassering av tiltaket skal vere som vist på vedlagte situasjonskart, journalført 5.9.2019.*

*Tiltaket skal utførast i samsvar med plan- og bygningslova.*

*Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.»*

\*\*\*\*\*

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1791**

**Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Anny Bastesen  
Sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart og teikningar

**Kopi til:**

Harry Finseth  
Øyvind H. Oddekalv

**Mottakarar:**

Norconsult AS

Postboks 626

1303

SANDVIKA